

# Arbeidshefte

om berekraft  
i skulen sitt nærområde



# SIRKULÆRE HEIMPLASSEN VÅR

**ÅR:**

**NAMN:**

**HEIMPLASSEN HEITER:**

# Kva kjenneteiknar heimplassen vår i dag?

Har vi skog?

Har vi beiteområde og landbruk?

Har vi fjell?

Har vi industri?

Har vi havbruk?

Har vi mykje veg og trafikk?

Har vi gode føresetnader for friluftsliv og gode naturopplevingar?

Har vi noko vi er flinke til: til dømes handverk og kultur; musikk, teater, kunst, matkultur eller jakt og fiske?

Korleis er naturmangfaldet her?

Husar vi raudlista arter eller naturtypar som gjer at vi må vere ekstra varsame med korleis vi bruker områda rundt oss?

Finn det området som kjenneteiknar heimplassen dykkar – det som alle legg merke til eller som de er spesielt stolte av – og ta utgangspunkt i dette området i det vidare arbeidet.



## Kjelder

Kanskje veit vi ikkje svaret på alt dette frå før. For å finne svaret må vi bruke gode kjelder. Tenkt også over *korleis* og *kvifor*, til dømes: *Korleis* blir det drive skogbruk, og *kvifor* blir det drive skogbruk her?

**Kjelder** kan fortelje meir om det vi vil finne svar på.

Kanskje må vi leite etter opplysningars på biblioteket, i kommuneadministrasjonen, reise på besøk til nokon, sende ein e-post eller snakke med nokon på telefon eller video.

Husk å vere kritisk og tenk over om vi kan stole på informasjonen vi får frå kjelda. Personar som har opplevd noko sjølv, eller informasjon som er lik mellom fleire ulike kjelder, kan vi oftare stole på enn informasjon vi finn i til dømes sosiale media.


## **Korleis var heimplassen i gamle dagar då besteforeldra våre var barn?**

Bruk dei same spørsmåla og arbeidsmåtane som de har gjort når de fann ut av korleis det er på heimplassen dykkar no.

Kva er blitt annleis?

Kva endringar tenker vi er bra?

Kva tenker vi at ikkje skulle vore endra – og kvifor?



## Kva ressursar har vi i dag, og korleis bruker vi dei?



Kva er dei viktigaste (natur)ressursane på heimplassen vår?

Er det ressursar som ikkje blir utnytta? Kvifor?

Er det ressursar som blir brukt for mykje?

Kva må vi tenke på for å avgjere om utnyttinga av ein ressurs er berekraftig eller ikkje?

## Kva ressursar hadde vi i gamledagar då besteforeldra våre var barn?

Kva var dei viktigaste (natur)ressursane på heimpllassen vår for 50 år sidan? Og for 100 år sidan?

Var det ressursar som ikkje vart utnytta då, men som vi nyttar no?  
Kvífor?

Var det ressursar som vart brukt opp eller brukta så mykje at vi ikkje kan nytte dei i dag?

Er det nokon av ressursane vi nyttta før som vi burde nytte i større grad i dag?



# **Kva treng vi ta vare på? Kva er viktig for oss?**

Kva er det heimplassen vår har i dag som vi ønsker at skal finst også i framtida, inanfor:

Natur?

Kultur?

Arbeidsplassar?

Fritid?

Fellesskap?



## **Korleis vil vi at heimplassen vår skal vere i framtida?**

Det kan vere lettare å styre retning på eit arbeid når ein veit kva mål ein siktar på.


Kva kjenneteiknar ein god stad å bu og leve?

Er det stor variasjon i kva ønsker menneske har for heimplassen sin?

Er det mogeleg å skape ein heimplass som rommar alle sine ønsker?

Tek vi vare på natur og miljø på vår ideelle heimplass?

Er det samsvar med ønska våre og eit berekraftig levevis?



**Eigne notat:**

